

# ÅRSMELDING - BØMLO BÅTLAG - 2010

Bømlo Båtlag (BBL) har pr 31.12.10 **71** medlemer. I løpet av året har laget betalt ut 2 medlemmer for båtplass, medan 2 nye har kjøpt seg inn. BBL fører venteliste for båtplass, og her stod det 2 stk pr 31.12.10.

Styret har i 2010 vore samansett slik:

Leiar:	Terje Kallevåg
Nestleiar:	Kjell Idar Lønning
Kasserar:	Kristen Thorsen
Skrivar:	Kåre Bogetveit
Styremedlem:	Svein Eide
Styremedlem:	Jon Helge Talmo

Det har vore 11 styremøte i tillegg til årsmøtet. Også dette året har styremedlemmene utført ein del arbeid utanom desse møta. I tillegg til ein del forefallande arbeid på anlegget, har det vore behov for kontakt opp mot ulike samarbeidspartnarar.

Styret la også ned eit stort arbeid i å planlegga og å gjennomføra fiskekonkurransen.

## BÅTFØRARPRØVA

Etter ei vurdering i styret gjekk me inn for å prøva å arrangera Båtførarprøva. Det meldte seg 24 deltakrarar, hovudsakleg ungdommar frå dei siste steга på skulen. Arvid Kallevåg hadde hovudansvaret for opplegget, men fekk god hjelp av andre medlemmer. Sensor var Berge Olson. Det må rettast ei stor takk til alle dei som trødde til og fekk dette gjennomført. Dei gjorde ein god jobb - alle deltakarane besto prøva! Eit flott tiltak som alle sette stor pris på.

I tillegg fekk BBL inn 23 000 kr!

## FISKEKONKURRANSE

I samband med markeringa av Langevåg som "Kystlandsby" 26.juni, vart BBL oppoda til å arrangera fiskekonkurranse. Dette gjekk styret inn for, og ville utfordra arrangementskomiteen til innsats. Av ulike grunnar var det berre eitt medlem som kunne vera med, så difor måtte styret ta seg av heile arrangementet.

Alt gjekk etter planen og det var etter måten god deltaking. Tilbakemeldingane har vore gode, og det kan sjå ut for at denne tradisjonen er på veg tilbake?

Dette tiltaket tilførte BBL 12 000 kr!

## NY SEKSJON I FLYTEBRYGGA

Den gamle flytebrygga er slitt og det er trong for oppgradering. Dette er eit stort løft, og styret har difor lagt ein plan for utskifting av seksjonane over litt tid (og etter laget sin økonomi). Produsenten kunne framleis levera denne typen, og det vart bestemt å skifta ut den innerste seksjonen. Dette vart gjort på dugnad i veke 18. Ein kostnad på om lag 90 000 kr.

## **OPPGRADING STRAUM**

Denne vinteren var det store problem med straumforsyninga til båtane. Det vart vedteke å oppgradera dette, mellom anna med ny hovudjordfeilbrytar og montera jordfeilbrytar på alle kursane. Saka vart fremma på årsmøtet og vedteke. Dette er teke inn i vedtekten §6.1.

Etter at dette vart gjort, har anlegget fungert godt.

## **VAKTORDNING**

Årsmøtet vedtok også å organisera ei vaktordning i båthamna. Dette har styret sett ut i praksis. Det er utarbeidd eigen instruks for vakta, der ulike sjekkpunkt er med. Ordinga har, så langt styret har registrert, fungert svært bra.

## **DUGNAD**

Styret utarbeidde eit oversyn over oppgåver som eigna seg til dugnad .Det vart sett opp datoar for dugnad, både laurdagar og onsdagar i perioden april-mai. Dette vart gjort kjend for alle ved oppslag og på heimesida vår.

Av oppgåver som vart utførte:

- Vask av grillhytte og hytte
- Maling av hytte
- Straumopplegg ute
- reparasjon av kai
- Levegg rundt container
- justering av båsar
- Skilt til båsane (grønt/raudt)

Det er utført dykking for å sjekke forrøyningane til den gamle brygga.

Det er innhenta anbod på utbetring av støtter under kai (hytte). Dette har styret godteke og bede LL om å utføra arbeidet. Dette er pr 31.12.10 ikkje utført.

## **DIVERSE**

1. Styret har støtta "trådlaust nettverk" i gjestehamna med 2 000 kr.
2. Bømlo kajakklubb har overteke to gamle flytebrygger.
3. Vedtak om å kjøpa inn 1 stk "straumdannar" (De-icer) for å testa ut effekten, og for å måla straumforbruk.
4. Planar om medlemsfest vår 2011
5. Infotavla kom endeleg på plass
6. Kjøpt benkar til kaien